



# Land og bruk

Nummer 2 - 2013

April 2013

- nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga

Redaktør: Sissel C. Endresen, telefon 51 56 89 60, e-post: sissel.endresen@fylkesmannen.no

## Nyttig informasjon

### Unntak for landbruksbygg i strandsona fell bort 1. juli 2013

Miljøverndepartementet har sendt ut brev for å minne om at unntaket for byggetiltak i strandsona no fell bort.

Fylkesmannen har også sendt ut brev til kommunane i Rogaland for å minne om at unntaket fell bort. Av brevet går det fram at byggeforbudet i strandsona også vil omfatte landbrukstiltak dersom kommunen ikkje har vedtatt eigne føresegner i sin kommuneplan som opnar for slike tiltak.

Her er lenkje til breva:

- [Brev frå Miljøverndepartementet](#), 14.2.2013
- [Brev frå Fylkesmannen i Rogaland](#), 27.3.2013

## Personalendringar

### Slutta

**Kirsten Smedvig** kjem ikkje tilbake i stillinga hos Fylkesmannen. Ho har hatt permisjon sidan 1. juni 2012.

### Nytilsette

**Gerd Inger Aarnes** er tilsett som prosjektkoordinator i Skogselskapet i Rogaland. Ho skal mellom anna få i gang prosjektet "Velg Skog Vest" som er eit kompetansehevings- og rekrutteringsprosjekt for skogbruksnæringa.



*"Våren er vakker for den som lenge har hatt vinter."*  
Bjørnstjerne Bjørnson

## Arrangementskalender

### 18. april (kveldsmøte)

#### Småkraftutbygging og lokal verdiskaping

Stad: Kulturhuset i Sand, Suldal

Kontaktpersonar: Robijne Verstege og Astrid Brommeland

### 24. april

#### SMIL-forskrifta og RMP - Behandling av dreneringssøknader

Stad: Rennesøy

Kontaktpersonar: Nono Dimby og Monica Dahlmo

### 25. april (kveldsmøte)

#### Rogaland Treforum

Stad: Sandnes Brygge

Kontaktperson: Olav Mellemstrand

### 8. mai

#### Dialogmøte med kommunal landbruksforvaltning

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktpersonar: Bente E. Halvorsen

### 29. mai

#### Skogseminar

Stad: Eigersund

Kontaktperson: Lars Slåttå

### 13.-14. juni

#### Kurs AR5

Stad: 13. juni i Statens hus, 14. juni ute

Kontaktperson: Tonje F. Aase

### Juni (uke 25)

#### Fagdag om drenering

Stad: Særheim

Kontaktperson: Nono Dimby

### 13. august

#### Kurs i eStil – Regionalt miljøprogram

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Monica Dahlmo

### 28. august

#### Tilskotssamling

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Ragnhild Hole

### 4.-7. september

#### Studietur "Frivillige tiltak i landbruket"

Stad: Danmark

Kontaktperson: Monica Dahlmo

## Landbruksdirektørens hjørne



v/Anfinn Rosnes

Eg er utfordra til å kome med ei lita innleiing, og eg vil då starte med å takke for sist på landbrukssamlinga i Sandnes. Håpar det var ei nyttig samling både fagleg og sosialt, noko som er vårt inntrykk når vi ser på tilbakemeldinga. Eg hugsar best innlegget til Nils Vagstad om kampen om maten, at vi alle er "5 måltider frå ei krise". Eg for min del får også stadfesta at det å arbeide med tema som produksjon av mat og skogsvirke ikkje er noko som vil bli mindre aktuelt framover.

Det kom elles fram på den politiske delen av samlinga var at temaet landbruk vil vere på dagsorden når valkampen etter kvart vil ta seg opp. Eg har inntrykk av at representantar for fleire regjeringsalternativ har ambisjonar om leggje til rette for eit aktivt landbruk. Det blir i den samanheng spanande å sjå kva som blir utfallet av jordbruksoppgjeret denne våren.

Nå har vi passert påske og vi startar på april, og vi ventar framleis på våren. Veret kan vi lite gjere med, men kven skulle tru at vi framleis skulle ha tele i jorda i heile fylket. Når vi ser dette saman med den våte hausten vi hadde i 2012, er det ikkje rart at mange bønder har utfordringar når det gjeld gjødselagerkapasitet. Det har vore mye merksemd i media om dette med fulle gjødsellager, og om den brunsvidde enga. Det er mitt inntrykk at næringa, saman med kommunane og andre instansar, har gjort ein stor innsats når det gjeld å samarbeide om lagerkapasitet.

Samstundes har det vore enkelte bønder som har fått dispensasjon frå forbodet mot spreing av gjødsel, og eg er kjend med at det her har vore eit godt samarbeidsarbeid mellom kommunar for å få ein felles restriktiv og god behandling av slike saker. I skrivande stund ser det heldigvis ut til at temperaturen skal stige og det er meldt nedbør, så nå får vi håpe at grønfargen snart kjem fram i landskapet og at vi får sjå nyfødde lam ute på beite.

Vi har brukt ein del ressursar gjennom denne vinteren for å få arbeidd ut eit nytt Regionalt miljøprogram (RMP) for perioden 2013-2016, og vi har framleis litt arbeid igjen før dette er endeleg. Det er ikkje til å leggje skjul på at det har vore ei stor utfordring å få eit regionalt tilpassa program med dei relativt detaljerte føringar som er lagt nasjonalt. Då er det særleg viktig at vi har ein så god dialog i det regionale partnerskapet. Vi legg vekt på å nytte vår nettside aktivt når det gjeld informasjon om nytt RMP.

Miljøutfordringane vil også i år vere eit viktig arbeidsfelt for alle i landbruksforvaltninga, og det er då særleg uheldig at vi ikkje har fått sett i verk arbeid med løying av grøftetilskot grunna manglande nasjonale retningslinjer. Det same gjeld også manglande framdrift i arbeidet med nye forskrifter om bruk av husdyrgjødsel.

Vi har i mars send løyvingsbrev til Innovasjon Norge om bruk av investeringsmidlane, og som tidlegare er det ei klar målretting når det gjeld bruk av midla. Det er litt nytt når det gjeld det som tidlegare var nasjonale ordningar, og her vil vi nemne midlar innan bioenergi. Vi legg til grunn at innhaldet i brevet er godt kjent i kommunane, og eg vil presisere at kommunen her har ein viktig førstelineteneste.

Eg ser fram til nye treff gjennom året, det første høvet kan bli på dialogmøtet 8. mai.



Foto: Robijne Verstege

## Kan bli lengre saksbehandlingstid hos FM for dispensasjonssaker etter PBL

Fylkesmannen kan i ein periode fram til august få noko lengre saksbehandlingstid for dispensasjonssaker etter plan og bygningslova.

Vi har for tida vakansar og avgrensa kapasitet innan planarbeid på landbruksområdet. Saksbehandlingstida for dispensasjonssaker kan bli oppimot 3-4 månader.

Vi ber om de i landbruksforvaltninga i kommunane formidlar dette vidare til andre aktuelle i kommunen.



Foto: Nono Dimby

## Reglar for beitesamarbeid og kvoteordninga for mjølk

Statens landbruksforvaltning har fått spørsmål frå kommunar og Fylkesmenn om kva for reglar som gjeld for beitesamarbeid i mjølkeproduksjon etter ny kvoteforskrift.

Sjølv om kvoteforskrifta (23.12.2011 nr. 1502 om kvoteordninga for mjølk) er endra er reglane for beitesamarbeid i praksis ikkje endra. Beitesamarbeid er tillate både i kvoteforskrifta og forskrift om produksjonstilskot. Dyra i samarbeidet skal beite, og beitesamarbeidet skal berre skje i beitesesongen.

SLF skal i løpet av april/mai 2013 kome med eit skriv som forklarar reglane meir detaljert.



Foto: Arne J. Lyshol

## Møte i Rogaland Treforum

Torsdag 25. april skal vere møte i Rogaland Treforum.

Tema er "Sunn Bygg" og "Utfordringer og muligheter i trebransjen".

[Sjå brosjyre for meir informasjon.](#)

Kontaktperson: Olav Mellemstrand




Foto: Robijné Verstege

## Autorisasjon – handtering og bruk av plantevernmidlar

I perioden 1. november 2012 - 1. april 2013 er det arrangert plantevernkurs – fornying av autorisasjonsbevis og førstegangs autorisasjon i regi av Norsk landbruksrådgiving Rogaland/Dalane/Suldal og Sauda, Haugaland landbruksrådgjeving, Vinterlandbruksskulen på Jæren og Vinterlandbruksskulen i Ryfylke. Tveit vidaregåande skule har gjennomført kurs for skoleelevar.

Det har totalt vore 275 deltakarar og 11 skoleelevar. Av desse har:

- 171 bestått førstegangsautorisasjon
- 95 bestått fornying av autorisasjonsbeviset

Kontaktperson: Wenche Knudsen

## Viktig med heilskapleg tenking i jordlovssaker

**Frådeling av tomter for etablering av husdyrproduksjon skal handsamast etter jordlova. Det er ikkje fyrst og fremst ei sak som gjeld produksjonstilskot eller husdyrkonsesjon, men det er likevel grunn til å merke seg konsekvensane slik frådeling kan få for desse ordningane. Kommunane blir derfor oppfordra til å tenke heilskapleg og informera godt i slike saker.**

Dei siste åra har det vore fleire tilfelle av ulovleg samarbeid mellom føretak på hovudeigedom og føretak på utskilt tomt. Typisk tilfelle er der det blir gitt løyve til utskilling av ei lita tomt der det blir starta opp same husdyrproduksjon som på hovudbruket. Driftsbygningane ligg gjerne tett og det er ofte nære relasjonar mellom føretaka. Slikt samarbeid har store økonomiske konsekvensar for dei det gjeld.

SLF oppfordrar no kommunane om å informera om samarbeidsregelverket etter produksjonstilskot- og husdyrkonsesjonsregelverket i si handsaming av jordlovssaker som gjeld slik frådeling. Erfaringar tilseier at fleire oppfatar kommunen sitt delingssamtykke som ein aksept på planlagd organisering av produksjonen.

Derfor er det viktig at kommunen kjenner til konsekvensane slik deling kan få, og informerer om desse. Håpet er at dette kan førebyggje at slikt ulovleg samarbeid blir etablert. I rundskrivet blir desse regelverka beskrive, og det er og sendt ut eit informasjonsbrev som kommunen blir oppfordra til å gje til søkjarane.

Vi ber kommunane om å følgje oppfordringane frå SLF og viser til [rundskriv 45/12](#).

Kontaktperson: Linn Borsheim



Foto: Arne J. Lyshol



Foto: Arne J. Lyshol

## Storfesatsing

**Dei siste 10 år har det vore underdekning i den norske marknaden for storfekjøtt, og spesielt dei siste 2 år har underskottet auka. Stabilt forbruk, rundt 19 kg i året, per person og aukande befolkning gir aukande etterspørsel etter storfekjøtt. Produksjonen har vore minkande sidan 2007.**

Ein reduksjon i talet på mordyr er årsaka til at produksjonen ikkje strekker til og det er nødvendig med aukande import for å dekke etterspørsel. For 2012 var over 17 % av det som blei seld i butikkane importert storfekjøtt. Prognosen for 2013 er at det er ei underdekning på omkring 10 000 tonn på landsbasis, noko som tilsvarer ein slakteleveranse frå 38 000 ammekyr. I fylket vårt har produksjonen halde seg stabil på omkring 14 000 tonn dei siste 10 åra, med unntak for 2012 der det var ein nedgang på 1000 tonn.

Fylkesmannen og slakteria Fatland, Nortura og Prima Jæren har satt i gang ei storfekjøttetsatsing for å motvirke situasjonen med underdekning i marknaden. Satsinga har som mål å halde oppe dagens slaktemengde, samtidig som vi vil auka tal mordyr med 300 årlig.

Målgruppa er eksisterande og potensielle storfekjøttprodusentar i heile fylket, både dei som driv i kombinasjon med mjølk og dei som er spesialiserte storfekjøttprodusentar. Det skal gis gratis råd til produsentar for å hjelpe dei med å løyse dei ulike utfordringane dei har, slik at produksjonen totalt sett kan auke. Denne våren og sommaren skal det arrangerast storfemøte i heile fylket og her blir det faglig påfyll, informasjon om storfesatsinga og ein sosial arena for likesinna. Til hausten skal vi komme i gang med gratis bonderetta rådgivinga. Satsinga varer fram til hausten 2016 og er organisert etter modellen til Saueprosjektet .

Kontaktperson: Aart Magnussen

## Landbrukskonferansen 2013

Landbrukskonferansen blei arrangert 5.-6. mars på Quality Hotel Residence i Sandnes. I år var det stor deltaking på landbrukskonferansen. Totalt var det 190 påmeldte, det meste vi nokon gong har hatt.

Av deltakarlista ser vi at det etter kvart er fleire lokalpolitikarar som deltek på denne konferansen. Det er gledeleg. Vi hadde nok håpa på at også fleire fylkespolitikarar hadde sett nytta av å delta.

### Gjennomgang av evalueringsskjema

Vi har gått gjennom evalueringsskjema etter konferansen. Totalt blei det levert inn 108 evalueringsskjema. Her er ein kort oppsummering:

Rangering 1-5 (1=bra og 5=dårleg)

1. Korleis var kunngjeringa av konferansen?

Resultat: 1,5

2. Korleis fungerte påmeldinga via Fylkesmannen si heimeside?

Resultat: 1,4

3. Kva synest du om tidspunktet for samlinga (5.-6.mars)?

Resultat: 1,3

4. Var det sett av nok tid til spørsmål og diskusjon? Nok tid/For lite tid

Resultat: 1,9

5. Korleis opplevde du administreringa av samlinga?

Resultat: 1,2

6. Korleis fungerte hotellet for denne konferansen?

Resultat: 1,3

7. Totalinntrykket er at samlinga var nyttig/unyttig

Resultat: 1,5

Alt i alt er vi godt fornøyde med årets konferanse og ser allereie fram til neste års konferanse. Kom gjerne med innspel på tema de meiner kan vere aktuelle til neste års konferanse.

Kontaktpersonar: Bente E. Halvorsen og Sissel C. Endresen



Foto: Sissel C. Endresen

Rogaland landbruksnæringsmiddel sin heiderspris 2012 gjekk til Brit Ane og Jarle Haugslund frå Suldal



Foto: Nono Dimby

### Lenkje til presentasjonane på konferansen:

[Øystein Hansen](#), Korleis vil AP ta vare på Rogaland som matfylke og leggje til rette for auka matproduksjon

[Janne Johnsen](#), Korleis kan vi ta vare på jordbruksareala på Jæren for framtidig matproduksjon

[Nils Vagstad](#), Rogaland - eit vekstfylke, kva då med matsikkerheit og matberedskap

[Ivar Pettersen](#), Verdiskaping i landbruket i Rogaland

[Torkel Myklebust](#), Kva verdier skapar landbruksressursane i Suldal kommune

[Anders Schanche Rettedal](#), Kva skal til for at dei unge ønskjer å satse på landbruk

[Aasmund Bunkholt](#), Skogen kan levere alt frå klede og næringsmiddel til bygg og drivstoff

[Norvald Skretting](#), Verkemiddel for gjennomføring av regional landbrukspolitikk

[Hadle Nevøy](#), Landbruket må på dagsorden i kommuneplanlegginga - kvifor

[Hans Fredrik Hoen](#), Vil vektlegging av bioøkonomi føre til større verdsetting av landbruksressursane

[Roar Werner Vangsnes](#), Landbruk og reiseliv som lokalsamfunnsutvikling - korleis få til dei gode synergiane i eit næringsperspektiv

[Britt J. Pedersen og Leif Kåre Solheim](#), Bruk av beiteressursane i utmarka

[Anne Kari Skogerbø](#), SMIL – strategi og bruk av midlar, erfaringar frå Hjelmeland kommune

[Aart Magnussen](#), Prosjektsatsing; storfeprosjektet

[Erik Faye-Schjøll](#), Klimaskogprosjektet

[Anne Pernille Asplin](#), Problemstillingar knytt til arealgrensene i konsesjonslova

## Vinterskade på eng

**Det tørre og kalde veret vi har hatt denne vinteren kan gi overvintringsskadar. Likevel er det for tidleg å konkludera med kor omfattande skadane blir.**

Tilskott etter vinterskade på eng skal stimulere til gjennomføring av utbetringstiltak som gjer det mogleg å få ei avling av gras eller grønnfôr på eng-arealet same året som skaden har oppstått, og redusere omfanget av ein eventuell avlingssvikt i skadeåret.

Fylkesmannen vil understreke at dersom nokon skal søkje om erstatning for vinterskade på eng, **må** det meldast frå om dette til kommunen i god tid før utbetring. Kommunen skal ut på kontroll før det blir sådd eller pløyd. Dette er eit krav for å få utbetalt erstatning. Dersom ein sår eller gjer andre tiltak før kontroll, kan ein ikkje rekne med å få erstatning. Det er også eit krav at enga blir utbetra så tidleg at arealet kan gje avling same år.

Føretak som direktesar før det er mogleg for kommunen å fastslå vinterskade, må umiddelbart ta kontakt med kommunen som foretar ein stadleg kontroll. Kommunen bør nytte fotoapparat på aktuelt areal.

I tilfelle der kommunen ikkje har kapasitet til stadleg kontroll av vinterskadar, kan kommunen avtale med andre fagmiljø, til dømes Norsk landbruksrådgiving om kontroll før utbetring. Dette skal avklarast med kommunen på førehand. Dei som skal gjennomføre kontrollen må ha kjennskap til regelverket.

Det er viktig at kommunen registrerer namn, meldedato og dato for stadleg kontroll.

### **Klimatiske årsak eller driftsmessige årsaker**

Årsaka til skaden skal vurderast, og søkjar skal i lag med kommunen fastslå kor stor del av skaden som skuldast klima. Ved vurdering av årsaka til skaden skal den agronomiske drifta vurderast. Døme på dette er drenering, art og sort som blir dyrka på staden.

### **Viktige fristar.**

Utbetring må skje før 15. juni og sjølv søknadsfristen er 15. juli.

Det er viktig at alle les gjennom forskrifta og rundskrivet som var nytt i 2012. Meir informasjon om ordninga ligg på SLF sine [nettsider](#).

Kontaktpersonar:

- [Birger Aasland](#), Tlf. 51 56 89 87
- [Else Fredheim Hodne](#), Tlf. 51 56 89 77

## 3,5 millionar til partnerskapsprosjekt

**I år løyver Fylkesmannen nesten 3,5 millionar kroner til 28 landbruksrelaterte partnerskapsprosjekt. Desse prosjekta blei prioriterte etter ein dialog med Rogaland fylkeskommune og Innovasjon Noreg, der dei blei vurderte i forhold til Handlingsprogram for Næring.**

Prosjekta dekkjer blant anna områda tradisjonelt jordbruk, skogbruk, berekraft, reiseliv, bygdenæringar, kulturlandskap og mat. Berekraft og forbetra konkurransekraft for bøndene er viktige prinsipp som har blitt teke spesielt omsyn til. Ni prosjekt er baserte på utgreiing og vidareformidling av kunnskap til produsentar i landbruket. For å kunne auke landbruksproduksjonen på ein berekraftig måte, er kunnskap i næringa viktig og det er grunnen til at vi prioriterer desse "kunnskapsprosjekta". Auka bruk av beiteressursane er også eit element som vi ønskjer å prioritere i år. Fire prosjekt er direkte eller indirekte knytt til dette, blant dei Storfekjøttatsinga i Rogaland som har som mål å auke storfekjøttproduksjon i fylket.

I år er det 18 nye prosjekt som får støtte frå Fylkesmannen, noko som er ganske mange i høve til tidlegare. I 2012 var det til dømes 10 av 28 prosjekt som var nye. Dei andre 10 prosjekta i år er såkalla vidareføringsprosjekt, blant dei NCE Culinology og VRI som er forskingsbasert næringsutvikling.

Partnerskapsprosjekt er dei tidlegare RUP- prosjekta som no har kome via portalen regionalforvaltning.no. Desse prosjekta går over fleire år og finansieringa av desse skjer som regel i form av eit spleiselag mellom partnarane i den regionale partnerskapen og andre.

I tillegg til partnerskapsprosjekt løyver Fylkesmannen Bygdeutviklingsmidlar til ein skilde prosjekt som kjem inn i løpet av året. Desse er gjerne mindre i omfang og gjerne med ein prosjektperiode på maks. 1 år.

For meir informasjon om støtte til prosjekt, ta kontakt med Aart Magnussen.



Foto: Nono Dimby

## Bruk av avkorting

**Oppføring av feil i søknad om avløysar- og produksjonstilskot kan resultere i avkorting av tilskotet. For tilsette i kommunen er det viktig å kjenne til korleis slike feil skal følgjast opp.**

Ved innlevering av søknad om produksjonstilskot har søkjaren ansvar for å sikre at tala som blir gitt er korrekte. Feil som kan føre til for høg utbetaling, kan resultere i at tilskotet blir avkorta. Fokuset på bruk av avkorting er auka.

### Rutinar for avkorting ved feilopplysningar

Når det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot som kunne ført til før høg utbetaling av tilskot, skal kommunen vurdere å avkorte i tilskotet. SLF har kome med meir rettleiing kring korleis kommunen skal gå fram i slike tilfelle.

Rutinar slik når feil blir oppdaga;

- Kommunen skal vurdere avkorting i alle tilfelle der det er ført opp feil opplysningar i søknad om produksjonstilskot som kunne ført til urettmessig utbetaling av tilskot.
- Hovudregelen er at det **skal** avkortast i slike saker.
- Søkjaren må få høve til å uttale seg om saka før det blir gjort vedtak om avkorting. Det er ein god hovudregel at det blir sendt ut førehandsvarsel om avkorting i slike saker.
- Kommunen må opplyse saka og finne ut kvifor det er ført opp feil. Det er avgjerande for å kunne vurdere kor mykje tilskotet skal avkortast.
- Samtidig som kommunen godkjenner utbetalingslistene (PT - 5040) må det sendast ut eit eige brev der kommunen grunngir kvifor tilskotet er, eller ikkje er, avkorta. Brev med grunngiving skal sendast ut i alle saker, også saker der kommunen kjem til at tilskotet ikkje skal avkortast.
- Kommunen skal sende kopi av desse breva til Fylkesmannen.
- Melding om avkorting må i tillegg sendast inn til Fylkesmannen innan fristen for dette.

Desse rutinane skal bli tekne i bruk av kommunane frå og med søknadsomgangen pr. 01.01.2013.

### Vurdering av storleik på avkortinga

Dersom kommunen kjem til at tilskotet skal avkortast, er neste steg å vurdere storleiken på avkortinga. Her er det graden av skuld som er avgjerande. SLF har og kome med rettleiing kring dette.

Det er ingen faste satsar for kor stort avkortingsbeløpet skal vere, men som rettleiing for berekning av avkortingsbeløpet bli dette sett opp som utgangspunkt;

- **Simpel aktløyse** – her kan det leggjast til grunn ein standardisert avkortingsnorm. I tilskotet som søkjaren faktisk har rett på, blir det trekt frå eit beløp tilsvarande meirutbetalinga som feilopplysninga i søknaden ville medført.
- **Grov aktløyse/forsett** – her ligg norm for avkorting på 60 % til 100 % av tilskotet. Det er graden av skuld hos søkjar som ligg til grunn for vurdering av storleik på avkortinga.
- Kommunen må alltid vurdere kva som er rimeleg og høveleg i kvart tilfelle.
- Avkortingsbeløpet kan setjast både høgare og lågare enn det som kjem fram av rettleiinga over. Rettleiinga er ikkje ein maksimumsregel.
- Avkortingsbeløpet blir trekt frå i det totale produksjonstilskotet som føretaket i utgangspunktet ville hatt rett på.

### Meir om avkorting

I samband med auka fokus på bruk av avkorting, hadde SLF eit innlegg om bruk av avkorting på førre tilskotssamling for kommunane. Plansjane frå samlinga ligg [her](#).

For meir informasjon kring avkorting, sjå [aktuelle regelverk og rundskriv på SLF sine nettsider](#). Mellom anna kan vi nemne rundskriv 37/12, 23/12, 22/12 og 01/03.

Kontaktperson: Linn Borsheim



# Kompetanseprogram 2013

Oversikt over planlagde møte, kurs, konferansar, seminar og fagturar der tilsette i kommunal landbruksforvaltning er blant målgruppa.

Det er også teke med arrangement for andre målgrupper, og som det kan vere greitt for tilsette i kommunane å kjenne til.

Tema/Emne	Dato	Målgruppe	Stad Kontaktperson
<b>April</b>			
Småkraftutbygging og lokal verdiskaping	18. april på kvelden	Eigarar av fallrettar i Suldal og andre aktuelle Ryfylkekommunar og andre interesserte	Kulturhuset i Sand, Suldal Robijne Verstegen og Astrid Brommeland
SMIL-forskrifta og RMP - Behandling av dreneringssøknader	24. april	Landbruksforvaltninga	Rennesøy Nono Dimby og Monica Dahlmo
Rogaland Treforum	25. april		Sandnes Brygge Olav Mellemstrand
<b>Mai</b>			
Dialogmøte landbruk	8. mai	Landbruksforvaltninga	Statens hus, Stavanger Bente E. Halvorsen
Skogseminar	29. mai	Skogansvarlege	Eigersund Lars Slåttå
<b>Juni</b>			
Kurs AR5	13.-14. juni	Landbruksansvarlege og evt. teknisk tilsette	13. Statens Hus, Stavanger 14. ute Tonje Fjermestad Aase
Fagdag drenering (sørfylket)	Juni	Bønder og landbruksforvaltninga	Særheim Nono Dimby
<b>August</b>			
Kurs i eStil - Regionalt miljøprogram	13. august	Landbruksforvaltninga	Statens hus, Stavanger Monica Dahlmo
Tilskotssamling	28. august	Landbruksforvaltninga	Statens hus, Stavanger Ragnhild Hole
<b>September</b>			
Studietur "Frivillige tiltak i landbruket"	4.-7. september	Jærkommunane og Vindafjord	Danmark Monica Dahlmo
<b>Oktober</b>			
Dialogmøte landbruk	23. oktober	Landbruksforvaltninga	Statens hus, Stavanger Bente E. Halvorsen
Arrangement rundt Verdas Matvaredag	16. oktober	Ope for alle	Bjørn S. Berg
<b>November</b>			
Møte for nytilsette i kommunal landbruksforvaltning	November	Landbruksforvaltninga	Statens hus, Stavanger Bente E. Halvorsen